

Møteprotokoll

Utval: Giske kontrollutval

Møtestad: Giske rådhus

Dato: 20.03.2025

Tidspunkt: kl. 13:30 - 15:00

Følgjande medlemmer møtte

Kåre Harald Sæter

Lillian Skarmyr Olsen

Stig Gjethammer

Forfall

Anne Lise Roald

Gunnar Morsund, møtte ikkje

Andre som møtte

Ingrid Walstad Larsen

Karl Andre Birkhol

Ola Andersen Godø

Solveig Kvamme

Møtande varamedlem

Otto Stornes

Møre og Romsdal Revisjon SA
Kommunedirektør

Møre og Romsdal Revisjon SA
Sekretariatsrådgivar SKS IKS

Kåre Harald Sæter
Leiar kontrollutval

Solveig Kvamme
Seniorrådgivar SKS IKS

Sakliste

- PS 08/25 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
- PS 09/25 Rapport frå undersøking av byggesaksforvaltninga
- PS 10/25 Prosjektplan forvaltningsrevisjon 2025 -
Personalressursforvaltning helse og omsorg
- PS 11/25 Kontrollutvalet si årsmelding 2024
- PS 12/25 Endring av møteplan 2025

- PS 13/25 Meldingar og skriv
- MS 06/25 Invitasjon til fagkonferanse 3.-4.06.2025 - frist 10.04.2025
- MS 07/25 Nyhendebrev mars 2025 - Forum for kontroll og tilsyn
- MS 08/25 Varsel om eigarmøter i 2025 i heileigde selskap

PS 08/25 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Giske kontrollutval 20.03.2025

GKU 08/25 Vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste. Samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

Behandling i møtet

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste. Samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

PS 09/25 Rapport frå undersøking av byggesaksforvaltninga

Giske kontrollutval 20.03.2025

GKU 09/25 Vedtak:

Giske kontrollutval tilrår kommunestyret å gjere slikt vedtak:

1. Kommunestyret bed kommunedirektøren om å merke seg dei utfordringane som rapporten peikar på, og nytte dei til forbetring og læring i organisasjonen
2. Kommunestyret bed om at kommunedirektøren innan 28.04.2025 sender kontrollutvalet ein framdriftsplan som viser korleis kommunedirektøren vil arbeide vidare med:
 - a. handtering av restansane innan byggesak
 - b. å foreslå tiltak for å behalde og utvikle kompetanse
 - c. å få på plass Kostra-rapportering og andre kontrollrutiner innan byggesak
 - d. andre utfordringar rapporten peikar på

Behandling i møtet

Forslag om å endre dato punkt 2, foreslått av Stig Gjethammer:

Kommunestyret bed om at kommunedirektøren innan 28.04.2025 sender kontrollutvalet ein framdriftsplan.

under punkt 2, legge til et nytt punkt b, foreslått av Stig Gjethammer:

Å foreslå tiltak for å behalde og utvikle kompetanse

under punkt 2, tillegg i opprinnelig punkt b, foreslått av Kåre Harald Sæter:
... Kostra-rapportering og andre kontrollrutiner innan byggesak

Oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor gjekk gjennom rapporten og svarte på spørsmål. Kommunedirektøren fekk innleingsvis gje informasjon knytt til fagområdet og til dei utfordringane rapporten peikar på. Kontrollutvalet drøfta rapporten og kom med nokre endringar til innstillinga frå sekretariatet.

Votering: Samrøystes vedteke med dei endringar som vart foreslått

Sekretariatet si innstilling:

Giske kontrollutval tilrår kommunestyret å gjere slikt vedtak:

1. Kommunestyret bed kommunedirektøren om å merke seg dei utfordringane som rapporten peikar på, og nytte dei til forbetring og læring i organisasjonen
2. Kommunestyret bed om at kommunedirektøren innan 15. 08.2025 sender kontrollutvalet ein framdriftsplan som viser korleis kommunedirektøren vil arbeide vidare med:
 - a. handtering av restansane innan byggesak
 - b. å få på plass Kostra-rapportering innan byggesak
 - c. andre utfordringar rapporten peikar på

PS 10/25 Prosjektplan forvaltningsrevisjon 2025 - Personalressursforvaltning helse og omsorg

Giske kontrollutval 20.03.2025

GPU 10/25 Vedtak:

Kontrollutvalet bestiller ein forvaltningsrevisjon på området personalressursforvaltning, i tråd med den framlagte prosjektplanen og drøftinga i møtet.

Ressursramma for forvaltningsrevisjonen er inntil 300 timar.

Rapporten skal leverast sekretariatet seinast 05.september 2025, slik at kontrollutvalet kan handsame rapporten i sitt møte 18. september.

Kontrollutvalet ber om at forvaltningsrevisor held kontrollutvalet v/sekretariatsrådgivaren informert undervegs, og at utvalet vert orientert om der er trong for vesentlege endringar i prosjektet.

Behandling i møtet

Fagansvarleg forvaltningsrevisor la fram prosjektplanen og svarte på spørsmål.

Kontrollutvalet drøfta prosjektplanen og kom med nokre innspel som revisor tek med seg vidare i arbeidet.

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet bestiller ein forvaltningsrevisjon på området personalressursforvaltning, i tråd med den framlagte prosjektplanen og drøftinga i møtet.

Ressursramma for forvaltningsrevisjonen er inntil 300 timar.

Rapporten skal leverast sekretariatet seinast 05.september 2025, slik at kontrollutvalet kan handsame rapporten i sitt møte 18. september.

Kontrollutvalet ber om at forvaltningsrevisor held kontrollutvalet v/sekretariatsrådgivaren informert undervegs, og at utvalet vert orientert om der er trong for vesentlege endringar i prosjektet.

PS 11/25 Kontrollutvalet si årsmelding 2024

Giske kontrollutval 20.03.2025**GPU 11/25 Vedtak:**

Årsmelding 2024 for Giske kontrollutval, vert vedteken slik den ligg føre.

Årsmeldinga vert sendt til kommunestyret som rapport på kontrollutvalet sitt arbeid i 2024.

Behandling i møtet

Kontrollutvalet drøfta årsmeldinga og ynskjer å sende den til kommunestyret slik den ligg føre.

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si innstilling:

Årsmelding 2024 for Giske kontrollutval, vert vedteken slik den ligg føre.

Årsmeldinga vert sendt til kommunestyret som rapport på kontrollutvalet sitt arbeid i 2024.

PS 12/25 Endring av møteplan 2025

Giske kontrollutval 20.03.2025

GKU 12/25 Vedtak:

For at kontrollutvalet skal gje sin uttale til årsrekneskap og årsmelding 2024 før formannskapsmøtet 12.mai, flyttar kontrollutvalet møtet 15.mai til 08.mai 2025.

Behandling i møtet

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si innstilling:

For at kontrollutvalet skal gje sin uttale til årsrekneskap og årsmelding 2024 før formannskapsmøtet 12.mai, flyttar kontrollutvalet møtet 15.mai til 08.mai 2025.

PS 13/25 Meldingar og skriv

MS 06/25 Invitasjon til fagkonferanse 3.-4.06.2025 - frist 10.04.2025

Giske kontrollutval 20.03.2025

GKU 06/25 Vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Behandling i møtet

Leiar og ein av medlemmane ynskjer å delta, og meldere seg på sjølve.

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

MS 07/25 Nyhendebrev mars 2025 - Forum for kontroll og tilsyn

Giske kontrollutval 20.03.2025

GKU 07/25 Vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Behandling i møtet

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

MS 08/25 Varsel om eigarmøter i 2025 i heileigde selskap

Giske kontrollutval 20.03.2025

GKU 08/25 Vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Behandling i møtet

Kontrollutvalet minner om at kontrollutvalet og kommunen sin revisor skal varslast når heileigde selskap skal avhalde generalsamling, representantskap og møte i andre eigarorgan. Dette gjeld alle selskap som er eigde av ein eller fleire kommunar i lag.

Desse selskapsformene er kommunale foretak (KF), kommunale oppgåvefelleskap (KO), interkommunale selskap (IKS), interkommunale politiske råd (IKP) og heileigde aksjeselskap (AS).

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.